Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Folldal og andre herað i N. Østerdal.

Emne: Drikk til maten til kvardags.

Bygdelag:

Oppskr. av: Ivar A. Strøtbeen.

Gard:

(adresse): Tynset

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Gamalt attende var mjölka meire brüka enn etter at kaffen kom i bruk (kring 1900). Under og etter siste heimskrig auka mjölkebruken att. Mykje av ungdomen idag vil heller ha mjölk enn kaffe.

2. Når ein kom inn på ein garð, vart ein alltid bydd mjölkedrikke. Det første eg minnest i ei komme som gjekk frå mann til mann. Denne skikken er enda vanleg på setrar t.d. i Tolga. Kjem ein inn derså får ein ikkje gå ut att før ein har fått mjölkedrikke.

3. Skyrmjölk var god i varmt ver. Saup like eins Blende var vanleg på Tynset. Ved döra stod blanddrikkasken: ein ask med lokk og ause. På store gardar blanddrikkstampen, som stod på blanddrikkebenken.

I Folldal mindre bruka av blende. (½ handskuma mjölk + ½ vatn) Etterat separatorane kom vart det skumamjölk.

Myse var også brüka.

Surmyssmör vart også brüka til blende saman med vatn. Blandstampen stod også ved döra på blandstampbenken. Sur myse vart også brüka til blanddrikk.

I vår tid er berre mjölk brüka.

5175

Øl.

4. Heimebyggja øl var lite bruka, og berre ved serskilde høve. t.d. gravøl, bryllup og i slåttonna.
I vår tid skal det vera heimebygd øl til jul.

Kaffe.

5. Kaffe er vorten vanleg etter 1900. Da fekk ein separatorane, og skumamjølka vart halden for å vera for simpel til drikke. Noko seinare kom meieria og da skulde all mjølk sendas dit for å få størst mogleg meierioppgjør. Folk såg det som simpelt å by ein framandkar mjølk, kaffe måtte det vera, og den som hadde slikt arbeid at ein laut gå frå gard til gard, kunde bli forgjeve med kaffe. (t.e. 20 koppar på ein dag).

6. Etter 1900.

7. Morgonkaffe, frokost, etter middag, nonskaffe. Elles står kaffekjelen på omnen heile dagen, og dei som er sers glad i kaffe, tar seg ein kopp så snart dei kjem inn ein tur.

8 Kaffen blir male og hatt på kjelen som kokas opp med ein gong. „Kaffen skal vera snarkokt og god".
Bestemor mi salta kaffen, og han vart udrikkande for oss andre. Klareskinn var vanleg gamalt, men blir ikkje bruka nå. Kjelen får stå ei lita stund etter kokinga til klåring. Eller eldre folk slar oppi kjelen ein liten skvett med kaldt vatn, og ofte også noko kaldt vatn utanpå kjelen (slar på lokket så det renn nedover kjelen på alle kantar)

5175

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det er ingen som kan spå i gruggen, men dei som driv med det, diktar ihop noko. Lange striper skal tyde reise; dråpar at ein får gråte (sorg); små korn = brev. eller hindringar, motgang; tunn grugg: god framtid; tjukk grugg: myrk framtid.
(Koppen skal svingast 3 gonger rundt i lufta, eller rundt hovudet, og dessutan 3 gonger rundt rettsøles etter han er sett ned på skåla, deretter 3 slag med fingeren mot botn av koppen og tilslutt slær ein kross over koppen med fingeren).

9. Gamalt attende sukkertopp. Ein slog av større stykker og bita desse opp i sukkerkasse eller med ei sykkersaks. Seinare raffinade. Brunsukker var ikkje bruka.
Under krigen kokte mange sukker av farin.

10 Fløyte (ikkje mjølk). Ein kunde bruke ein liten bit myssmør attåt istaden for raffinade.

Te.
11. Nei ikkje kvardags, men til kvelds når det skal vera „fint".

Brennevin.
12. Ikkje brennevin til kvardag, men ved dונads-arbeid og som traktement til framandfolk.

Nyare drikk
13. Lite bruk av kjøpedrykk til kvardags. Min besstefar bruka å kjøpe ei kasse lagerøl til slåttonna (kring 1900) og det finst vel nokon som bruka same skikken idag ogå, men det er ved festlege høve kjøpedrikk blir bruka.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 5175

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING